

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22. og 23.11.2017

Roald Kvamme (A) sette på vegner av A, KrF, Sp og SV fram slikt forslag:

«Tillegg til punkt 6:

Matavfall må sorterast og gjenbrukast til produksjon av biogass.»

Nils Marton Aadland (H) sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 1:

Fylkesutvalet oppmodar dei sju industriverksemdene om å intensivere arbeidet med å optimalisere drifta for å redusere utsleppa av klimagassar.»

Røysting

Aadland sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for innstillinga punkt 1.

Innstillinga punkt 2-6 vart samrøystes vedteken.

Kvamme sitt tillegg punkt 6 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet oppmodar dei sju industriverksemdene om å intensivere arbeidet med å optimalisere drifta for å redusere utsleppa av klimagassar.
2. Fylkesutvalet støttar satsinga på omlegging frå fossil til fornybar energi i prosessindustrien. Ei omlegging her vil gi store utsleppsreduksjonar og kan vere ein inspirasjon til andre verksemdar om å gjere det same.
3. Fylkesutvalet vil understreke hastemomentet i arbeidet med å redusere klimagassutslepp frå industrien. Det europeiske kvoteregimet er i dag ikkje eit effektivt nok verkemiddel til å oppnå måla som er satt for 2020 og 2030. Fylkesutvalet ber Olje- og energidepartementet om å revurdere vedtaket om at Enova ikkje lenger skal gi støtte til energileiingstiltak i kvotepliktig sektor. Det er framleis behov for nasjonale verkemiddel og incentivordningar retta mot kvotepliktig industri.
4. Forsking og teknologiutvikling er nødvendig for å oppnå optimalisering og omlegging i industrien og kan føre til ny industriell aktivitet med klimavenleg profil. Samarbeidet mellom forskingsmiljøa og industrien på Vestlandet må styrkast ytterlegare, og fylkesutvalet vil medverke til det.
5. Karbonfangst og -lagring er ein nødvendig del av løysinga på klimautfordringane. Teknologisenteret på Mongstad må utviklast vidare. Pilotprosjekt for lagring av CO2 må gjennomførast.
6. Avfallsindustrien er ikkje kvotepliktig, men står for store utslepp, mellom anna frå brenning av matavfall og plast. CO2-fangst må utgreiast på forbrenningsanlegget i Rådalen. Matavfall må sorterast og gjenbrukast til produksjon av biogass.